

# Spørsmål til fylkesutvalet 18. juni 2020

Mottekne spørsmål med svar

## 1. Anne Gine Hestetun (A) - bruk av biogass i kollektivtrafikken

På Stord har Sunnhordland Nauturgass no gått i gang med bygging av eit anlegg for produksjon av biogass. Dette anlegget skal byggast med i stor grad norskutvikla og norskprodusert teknologi. Anlegget deira skal vere klart til produksjon i første halvår i 2021. Konseptet deira bygger på bruk av avfall frå husdyrproduksjon og fiskeoppdrett, henta frå nærområdet. Anlegget skal produsere om lag 22Gwh i fase 1 med ei planlagd utviding til 60 Gwh i fase 2. Selskapet disponerer også eit gassdistirubusjonsanlegg i bakken innanfor Stord kommune. Dette anlegget er bygd ut slik at det kan forsyne svært mange av dei offentlege bygga samt dei mest sentrale industri- og næringsområda kommunen. I tillegg så ligg det gassleidning fram til Vestland fylke sitt bussanlegg i Sæ på Leirvik. Kan administrasjonen svare på kva som skal til for å ta i bruk biogass som drivstoff for dei fylkeskommunale bussrutene i ytre del av Sunnhordland? I og med at det er Tide som er operatør i dette bussanbodet, er det mogeleg å bruke noko av det gassdrivne bussmateriellet som no vert til overs i Bergen?

### Svar frå fylkesrådmannen:

Biogass i transport er ein god måte å utnytte lokale avfallsressursar på. Skyss/Kringom tek difor høgde for dette i sitt arbeid for å redusere klimagassutsleppet frå kollektivtransporten på mest mogleg berekraftig måte.

Det er hovudsakleg gjennom krav i anbodskonkurransar vi kan tilretteleggje og leggje føringar for energivalat: Ved kontraktssopptart vert det gjort investeringar i eigna bussmateriell og naudsynt infrastruktur på bussanlegg.

### Sunnhordland

Det er ikkje lagt opp til gassdrift i Sunnhordland. Dagens busskontrakt starta opp i juni 2016 og består av forholdsvis nye dieselbussar. Gassbussane som går ut av drift i Bergen nord hausten 2020 er eldre bybussar og har ikkje setebelte. Det er tre grunnar til at eit byte av bussar er vanskeleg:

- Skyss/Kringom rår ikkje over dei gamle gassbussane.
- Ein vil måtte vurdere om eit skifte av bussar i stort omfang ville vere lovleg å gjennomføre innafør Sunnhordlandskontrakten.
- Det er rimeleg å anta at våre kundar i Sunnhordland vil vurdere overgang frå forholdsvis nye lågentrebussar til eldre låggolv gassbussar som eit kvalitativt vesentleg dårlegare tilbod.

### Bergen nord

Det er lagt opp til gassdrift i store delar av kontrakten Bergen nord. Her er det bussoperatøren Tide som har ansvar for avtale med gassdistributør om leveranse av biogass. Det utelukkar ikkje at biogass frå Sunnhordland kan takast i bruk her:

- Behovet for biogass i kontrakten Bergen nord er større enn dagens lokale produksjon i Bergen.
- Marknaden for biogass er nasjonalt og det er difor uproblematisk å ta imot biogass frå andre stadar i landet. Men slik vi forstår marknaden vil kostnaden knytt transport gje rett marknadsincentiv til å nytte mest mogleg lokalt tilgjengeleg biogass.

## 2. Norvald Distad(H) – Sommerjobber i Vestland fylkeskommune

Fleire representantar har tidlegare tatt opp spørsmålet om kva moglegheiter det er for ungdom til å få sommarjobb i fylkeskommunen, då sommarjobb er ei viktig jobberfaring for unge (ofte den første). I tillegg er det ein glimrande måte å synleggjere kva fylkeskommunen står for.

Spørsmålet er endå meir aktuelt no, ettersom koronakrisa har gjort nålauget endå trongare for å få sommarjobb. Hvordan ligger det an med sommerjobber i fylket sommeren 2020 for unge? Er de blitt lyst ut og hvilket antall er det snakk om?

### Svar frå fylkesrådmannen:

Vestland fylkeskommune har lyst ut og tilsett ca. 50 sommarvikarar i regi av eigedomsavdelinga. Sommarvikarane skal arbeide med enklare drifts- og vedlikehaldsoppgåver, primært ved skulane våre. Dei fleste engasjementa er på 3 veker. I tillegg har vi nokre **studentar inne i andre typar** engasjement og praksisplassar i fylkesadministrasjonen gjennom året.

## 3. Spørsmål Terje Søviknes (FRP) -Næringsvennlig holdning til restaurantnæringen – uteservering i Bergen Sentrum

### Spørsmål 1:

Vil fylkesordføreren ta initiativ til en reell klagebehandling med synfaring langs FV 585 for å sikre at begge hensyn blir ivaretatt?

I all klagebehandling legg fylkesrådmannen forvaltningslova til grunn, og skal behandle klagen på vårt vedtak etter veglova. Det er plan- og bygningslova (pbl) som er førande for arealbruken. Eit veglovsvedtak kan ikkje strekke seg lenger enn det kommunedelplan for sentrum med føresegner opnar opp for. Då er saka ei dispensasjonssak etter pbl som kommunen må behandle.

### Spørsmål 2:

Vil fylkesordfører før 2021-sesongen ta initiativ til en dialog mellom fylkeskommunen og grunneierne/restauranteierne på Torget slik at vi kan få optimalisert bruken av arealet, skape forutsigbarhet og dermed muliggjøre en oppgradering av området i regi grunneierne?

### Svar frå fylkesrådmannen:

Fylkesrådmannen legg opp til at vi skal ha ein ny gjennomgang av areala for uteservering før neste sesong. Fylkesrådmannen vil gjere dette i samarbeid med Bergen kommune, plan og bygningsetaten og bymiljøetaten. Kva dialog Vestland fylkeskommune skal ha med grunneigarane/restauranteigarane på Torget er førebels ikkje avklart. I gjennomgangen vil fylkesrådmannen òg ha dialog med kommunalt og fylkeskommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

I slike sentrale område må Vestland fylkeskommune som vegstyresmakt legge vekt på at fortausareal er vegareal som skal nyttast av mjuke trafikantar. Uteservering er eit unnatak som må handsamast etter veglova. I sentrale delar av Bergen sentrum er framkomst for mjuke trafikantar prioritert.

## 4. Kurt Inge Andersen (FNB): Innføringa av Autopass

Innføringa av Autopass på fylkesferjene i Sogn og Fjordane frå 1.6.2020 har medført at bilpendlarane har fått ein kraftig auke i reisekostnadene sine. Frå den seinaste tida kjenner ein mellom anna til døme på dette frå Askvoll kommune.

Ferjependlarane har mange reiser på same strekning (gjerne 40 turar i månaden berre i samband med jobbreise) og er difor den gruppa der Autopass-innføringa har fått størst utslag. Autopass er same teknologi som vert nytta til bompengereising. Det skulle difor liggje godt til rette for å kunne innføre eit månadstak på ferjepasseringar tilsvarande det ein har i bompengeringane.

Det er brei politisk semje om at månadstak i bompengeringar er naudsynt for å skjerme dei brukarane som har flest passeringar, i tillegg til at det gir ei sosial utjamnande effekt. I tillegg til månadstaket har ein også til dømes timesregel som skal skjerme bilistane mot urimeleg høge kostnader.

Ei rekkje parti og representantar i fylkestinget ser jamvel ferjebillettar som ei form for bompengar. Argumenta om behov for utjamning og skjerming burde uansett vere gyldige også for ferjependlarane.

#### **Spørsmål 1:**

Er fylkesordføraren einig i at det gjennom innføring av Autopass på fylkesferjene i Vestland er blitt teknologisk mogeleg å etablere eit månadleg passeringstak på enkeltvise fylkesferjestrekningar i Vestland, tilsvarande det ein allereie har på bominnkrevjing?

#### **Spørsmål 2:**

Ser fylkesordføraren og fylkesrådmannen det som relevant og interessant å sjå på ulike konkrete modellar for dette, til dømes i samband med kommande sak om revisjon av Autopassordninga og soneinndeling på fylkesferjene?

#### **Svar frå fylkesrådmannen:**

1. Skyss/Kringom har kontakta SVV for å høyra i kva grad det er teknologisk mogleg å etablere eit månadleg passeringstak på enkeltvise fylkesferjestrekningar i Vestland, tilsvarande det ein allereie har på bominnkrevjing. Vi har dessverre ikkje fått svar enno.
2. Dersom det er mogleg vil det vera interessant å sjå på ulike konkrete modellar for dette i samband med kommande sak der ein skal sjå på soneplassering og kva verkemiddel fylkeskommunen har for å eventuelt endre prisar på ferjesambanda. Kva konsekvensar slike modellar vil ha for til dømes samanhengen til til autoPASS-regulativet og økonomi må ein også sjå på.

### **5.Arve Helle (A) : Status for områdeplan for Paradis (Bergen)**

«Paradis i Bergen er eit område som er under sterkt press for utvikling og fortetting. Gjeldande områdeplan vart godkjend i 2014. I etterkant er det i dei aller fleste byggesakene søkt om og gitt løyve til meir fortetting enn det som låg til grunn for områdeplanen sine rammer.

Det vert no jobba med ein plan som skal regulere veg og gang- og sykkelveg i området. Denne vil definere mykje av premissane for utviklinga av området framover.

Det har nyleg vore ei synfaring i området i regi av Vestland fylkeskommune. Eg er kjend med at det er ei bekymring blant innbyggjarane på Paradis for at det er skulen som må avgje areal for å realisere planane i området, og at det ikkje er tilstrekkeleg fokus på sikker skuleveg. Paradis skole har allereie i dag for lite areal og helsevernetaten har tidlegare trekt godkjenninga deira m.a på grunn av dette. Prognosane for området viser eit sterkt aukande tal elevar og det gjer denne bekymringa endå større.

Kva er status i arbeidet med denne planen, og korleis blir interessene til innbyggjarane ivaretekne i den vidare prosessen?»

#### **Svar frå fylkesrådmannen:**

Fylkeskommunen kan berre svare for eigne forhold. Spørsmål som gjeld eventuelle dispensasjonar frå vedtekne planar må Bergen kommune svara for.

Områdeplan for Paradis er ein del av Bergen kommune sin strategi for knutepunktsutvikling langs Bybanen.

Offentleg infrastruktur skal finansierast delvis frå private og delvis frå det offentlege. Vestland fylkeskommune finansierer 50% av anlegget.

Bakgrunnen for planforslaget til detaljreguleringsplan er å sikre gjennomføring av samferdselsføremål i gjeldande områdereuleringsplan på Paradis (plan-ID 60760000) ved at det blir sikra nok areal for bygging av Paradis sentrum sine gater, med gang- og sykkelveg-løysingar.

Detaljreguleringsplan for veg, inkl. tilrettelegging for mjuke trafikantar, er ute på avgrensa høyring, då det er framlegg om fem endringar. Endringane omfattar

- trapp frå busshaldeplass til privat gangveg mellom Storetveitvegen og Statsminister Michelsens veg.
- endra løysing langs Paradis skule som reduserer arealbeslag inn mot skuleplassen og regulerer fjerning av teaterbrakka.
- endra løysing for gjennomgåande sykkelveg ved krysset Jacob Kjødesveg/Statsminister Michelsens veg.
- forslag til ny vegtilkomst frå Jacob Kjødesveg til eksisterande bustader.
- utviding av planområdet i Sandbrekkevegen for å sikre koplingar til tilstøytande planar og endra løysing med sykkelveg og fortau på strekninga Tunvegen til Birkelundsbakken.

Det er berre desse endringane som er omfatta av høyringa. Fristen for høyringa går ut no i slutten av juni. Alle direkte berørte partar og offentlege instansar har fått høyringsdokumenta tilsendt.

Etter høyringsfristen er ute vil vi gå gjennom og vurdere innkomne merknader. Forventa oversending til kommunen, med Vestland fylkeskommune si tilråding, vil bli etter sommarferien.

## 6.Bjørlo (V) – Kommunale næringsfond og korona

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har nyleg sendt brev til fylka om fordeling av ekstra "koronamidlar" til kommunale næringsfond. Vestland får tilført 75 mill NOK av dei 600 mill totalt - med atterhald om endeleg godkjenning i Stortinget denne veka.

Målet med desse midlane er at dei skal stillast raskt til disposisjon for kommunar (og i neste omgang næringsliv) i Vestland for å bistå med å handtere og førebyggje korona-krisa. Dersom det ikkje kjem opp politisk sak om fordeling av og kriterier for desse midlane før i dei neste ordinære møta i Hovudutval Næring/Fylkesutval, vil ikkje midlane kunne fordelast til kommunane og "setjast i arbeid" før i slutten av september. Det er uheldig, sett i lys av dette er krise-pengar der heile intensjonen er å få dei raskt i arbeid.

Vil Fylkesordførar ta initiativ til at dei ekstra 75 mill NOK til kommunale næringsfond kan bli fordelt raskast råd til kommunar og næringsliv i Vestland - til dømes ved fullmakter frå FU, evt innkalling til ekstraordinære møte i relevante utval for å få handsama saka no i sommar?

### Svar frå Fylkesordføraren::

Vestland fylkeskommune mottok nyleg eit orienteringsbrev om styrking av kommunale næringsfond frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Regjeringa gjer framlegg om at det blir sett av 600 mill kr til kommunale næringsfond der Vestland sin andel vil verte 75,3

mill kr. KMD vil sende ut endra forskrifter og oppdragsbrev etter at krisepakka blir vedteken i Stortinget 19. juni. Departementet gjer i orienteringsbrevet slik greie for bruken av midlane:

*«Midlene skal gå til kommuner som er særlig hardt rammet av høy arbeidsledighet som følge av covid-19. Tilskuddet skal gå uavkortet vidare til kommunene.*

*Tilskuddet skal sette kommunene i stand til å legge til rette for økt aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringer, behov og potensial. Midlene skal benyttes til bedriftsrettet støtte (støtten må gis i tråd med regelverket om offentlig støtte), og til andre næringsrettede tiltak som kommunene mener er viktig for å motvirke negative virkninger av covid-19. Ordningen skal være landsdekkende.*

*Målgruppen er bedrifter og næringsaktører. Bedrifter kan for eksempel få midler til markedsføring, mindre investeringer, opplæring, produktutvikling og nyetableringer.*

*Fylkeskommunene skal prioritere kommuner som er, eller står i umiddelbar fare for å bli, særlig hardt rammet som følge av virusutbruddet. Det kan eksempelvis være vintersportssteder hvor store deler av næringslivet har fått sterkt redusert omsetning på grunn av virusutbruddet, og reiselivsavhengige kommuner. Prioriteringene skal bygge på fylkeskommunenes kunnskap om kommunenes og næringslivets utfordringer. Dette for å gi en god målretting av innsatsen.*

*Midlene skal sette kommunene i stand til å legge til rette for økt aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringer. Det vises til at kommunale næringsfond er en etablert ordning.»*

Departementet seier dessutan dette om den vidare prosessen:

*«Departementet jobber nå med å utarbeide regelverk for ordningen. Ut i fra situasjonen til næringslivet er det viktig at fylkeskommunene raskt fordeler midlene til den enkelte kommune. Vi vil be om at beløpet som tildeles den enkelte kommune legges inn Regionalforvaltning.no 14 dagar etter at tildelingsbrevet fra KMD er mottatt.»*

Det er såleis forventa at fylkeskommunen skal ha fordelt midlane innan 14 dagar etter at vi har motteke tildelingsbrevet frå KMD. Venteleg kjem dette tildelingsbrevet i løpet av neste veke.

Det er kalla inn til eit høyringsmøte om midlane i regi av departementet den 17.06.20. Der kan mellom ann fylkeskommunane kome med innspel til utkast til oppdragsbrev og forskriftsendringar. Det er ikkje gjort vesentlege endringar i utkastet til oppdragsbrev i høve formålet og kriteria for tildeling som er beskrive i orienteringsbrevet.

Det er lagt opp til korte fristar for at kommunane skal få raskt tilgang til desse midlane. Slik opplegget er vil det krevje ei svært kort tid til saksbehandling og effektivering av tildelte midlar. I tillegg vil dette kome midt i ferieavviklinga for mange.

Fylkesordføraren viser til Reglement for folkevalde organ og delegering – Reglement for fylkesutvalet **§ 3. Avgjerd i hastesaker.**

*Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som skulle vore vedteke av fylkestinget, når det er naudsynt å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalle til dette, jf. kommunelova § 11-8.*

I denne saka ser fylkesordføraren at det ikkje er rom for å kalle inn verken fylkesutvalet eller Fylkestinget til eit hastemøte innanfor dei korte tidsfristane. Fylkesordføraren vil difor tilrå at fylkesutvalet brukar sitt mynde til avgjerd i hastesaker til å gi fylkesrådmannen fullmakt til å fordele midlane i samsvar med oppdragsbrev og retningsliner gjeve av departementet.

Fylkesrådmannen vil i tildelinga byggje sitt kunnskapsgrunnlag på:

- Rapportar frå analysegruppa som har som formål å kartlegge og gjere tilgjengeleg statistikk og analysar knytt til den pågåande covid-19-epidemien og oljeprisfallet og kva påverknad dette har på næringslivet i Vestland. Følgjande organisasjonar deltek i analysegruppa: Vestland

fylkeskommune (prosjektleiing), Bergen kommune, NAV Vestland, Innovasjon Norge Vestland, NHO Vestlandet, LO Vestland, KS Vest-Norge, Bergen næringsråd og Sogn og Fjordane næringsråd.

- Skildring av status og utfordringar gitt i brev frå Vestland fylkeskommune til KMD av 20.04.20 og 28.05.20 «*Omstillingsutfordringar som følgje av akutte endringar i arbeidsmarknaden – innspel til omstillingsprogram i statsbudsjettet for 2020*»
- Samt sak 43/2020 i Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon «*Nærings- og samfunnsutvikling i bygder og lokalsamfunn og omstillingsarbeid i utsette kommunar*»

## 7. Marthe Hammer (SV). Pause- og toalettforhold for bussjåførane ved

I investeringsprogrammet til Bergensprogrammet og miljøløftet har rundkjøring og endestopp på Kråkenes vært en investering siste år, til en kostnad på omlag 18 mill.

Argumentasjonen for å rundkjøringen har vært at dette er endestoppet for buss 15 som snur her, og at bussjåførene trengte ordentlige toalettforhold og pauseforhold.

Jeg sykler forbi her hver da, og mitt inntrykk er at rundkjøringen er ferdig, men pausefasilitetene for bussjåførene er ikke kommet opp.

Spørsmål til fylkesrådmannen:

- *Hvorfor er ikke pause og toalettforhold til bussjåførene prioritert frem til nå?*
- *Når kan det komme på plass?*

### Svar frå fylkesrådmannen:

Ny rundkøyring og haldeplassar på Kråkenes vart finansiert og bygd ut som ein del av Miljøløftet i Bergen. Dette arbeidet inkluderer også klargjering for etablering av sjåførfasilitetar (framføring av vatn og straum med meir). Sjåførfasilitetar i form av pauserom og toalett vert finansiert og bygd av fylkeskommunen ved Skyss, og normalt bygd i etterkant av tiltaka i køyrearealet.

Etablering av pause- og sjåførfasilitetar ved endehaldeplass Kråkenes vert etter planen starta opp i sommar, og målsetnaden er at dette skal stå ferdig i løpet av august i år. Fylkesrådmannen vil her vise til at det har blitt nokr – sendt e utsetjingar som følgje av koronasituasjonen, men at arbeidet er bestilt og alle planmessige avklaringar er utført.